

---

## Sluttrapport

|                    |   |
|--------------------|---|
| Søknadstype        | Sluttrapport  |
| Prosjekttittel     | Herr Kurz i biblioteket   |
| Mål for prosjektet | <p><b>HOVUDMÅL</b><br/>Gjennom prosjektet skal dei deltakande folkebiblioteka vidareutvikle seg som profesjonelle formidlarar og arrangørar for i større grad å kunne møte forventningane som ligg i den reviderte biblioteklova.</p> <p><b>DELMÅL</b><br/>Å utvikle ny kunnskap om formidlingsmetodar og om biblioteket som formidlingsarena<br/>Å vidareutvikle samarbeidet mellom biblioteka og å etablere samarbeid med andre kulturinstitusjonar (teaterfeltet)<br/>Å vise kunstuttrykk av høg kvalitet i biblioteka<br/>Å løfte fram den lokale litteraturen<br/>Å synleggjere biblioteka og å profesjonalisere marknadsføringa<br/>Å gjere systematisk evaluering av arrangement i bibliotek</p> |

---

### Sluttrapport

Hovudmålet i prosjektet har vore å utvikle arrangørkompetansen i folkebiblioteka.

I eit samarbeid mellom Aldateateret, Sogn og Fjordane teater (SoFT), fylkesbiblioteket og folkebiblioteka vart Aldateateret si framsyning «Herr Kurz og damene» vist i 15 kommunar våren 2015. Gjennom prosjektet søkte ein å utvikle samarbeidet med teaterfeltet og å vise kunstuttrykk av høg kvalitet i biblioteket, synleggjere biblioteka og profesjonalisere marknadsføringa, samt auke kunnskapen om biblioteka som arrangør og formidlingsarena.

#### Innhald og aktivitetar i prosjektet

Fylkesbiblioteket utarbeidde ein avtale som avklarte ansvarsdeling mellom Aldateateret, SoFT og fylkesbiblioteket, samt økonomiske tilhøve. Som prosjektleiar organiserte fylkesbiblioteket deltakinga frå folkebiblioteka, og koordinerte arbeidet og gjennomføringa.

#### Førebuingsseminar

Det var arrangert eit førebuingsseminar for prosjektdeltakarane, der formidling, arrangementsutvikling og marknadsføring var tema. Aldateateret snakka om forventningar til lokal arrangør – praktisk førebuing og korleis lage ei best mogleg ramme kring arrangementet, medan SoFT tok opp marknadsføring – synleggjering og utfordringar ved formidling og sal av teaterframsyningar. I tillegg delte biblioteksjefane i Sogndal og Stryn sine erfaringar med ulike typar arrangement. På

seminaret fekk ein også avklart praktiske spørsmål rundt teaterturneen.

#### Marknadsføring

Det vart utarbeidd plakatar og billett/program, basert på eksisterande materiale frå Aldateateret. Fylkesbiblioteket oppretta nettside for prosjektet (<http://fylkesbiblioteket.sfj.no/HerrKurz>), utarbeidde felles pressemeldingar, mal for utlegging av informasjon på Origo/dei lokale «Det skjer»-kalendrane, samt mal for eit bokmerke med informasjon om stykket og plass til lokal informasjon. Vi sørgde også for annonsering i dei aktuelle lokalavisene. Folkebiblioteka dreiv lokal marknadsføring; plakatar, Facebook-informasjon og nettsider, la ut på «Det skjer», sende ut info på sms og via andre kanalar, og hadde direkte kontakt med folk.

#### Turnégjennomføring

Aldateateret hadde kontakten med biblioteka om tilrettelegging av spelelokala og det praktiske rundt kva som skulle skje dagen teateret kom, og sto for opp- og nedrigg i lokala som biblioteka hadde klargjort så dei oppfylte tekniske krav.

Biblioteka sørgde for å gi arrangementet ei lokal ramme, inngjekk ev. samarbeid med andre lokale institusjonar, og ordna det praktiske rundt arrangementet. Fleirtalet hadde framsyninga annan stad enn i sjølve biblioteklokalet, pga. lite fleksible lokale og vanskar med blending. Dermed fekk ein samarbeid med mange ulike spele plassar – framsyninga vart vist i både museum og kafé, kulturhus og verkstadhall. Til saman var det 385 publikummarar på dei 15 framsyningane.

#### Oppsummerings-/evalueringsmøte

På møtet hadde vi ein systematisk gjennomgang med deltakarane om gjennomføringa og samarbeidet i prosjektet, kva som var oppnådd, kva som var vellukka kva som kunne gjerast betre.

#### Evaluering

Prosjektet har vore vellukka. Å vere arrangør av teaterframsyning var nytt for dei fleste, og ein har fått betre innsikt i kva som trengst av førebuing og tilrettelegging, samt nyttig erfaring ved gjennomføring av sjølve arrangementet. Ein oppnådde eit godt samarbeid med Aldateateret, som gav svært gode tilbakemeldingar til biblioteka som arrangørar; ryddige og positive med ståpåvilje. Det vart også etablert samarbeid med andre aktørar, som ungdomslag og museum.

Arrangementet lokka både faste bibliotekbrukarar og heilt nye gjestar. Teaterstykket fekk svært gode tilbakemeldingar, og det gav positiv merksemd for biblioteket at dei stod som arrangør. Enkel servering i samband med framsyningane bidrog til ei positiv totaloppleving.

Det vart oppslag i eit par lokalaviser, samt nærradioinnslag.

#### Erfaringar å ta med seg

Eit svært positivt resultat av prosjektet er erfaringsdelinga undervegs. På den felles e-postlista i fylket vart det før og etter kvar framsyning delt erfaringar, tips, råd og ros, noko som skapte ei fellesskapskjensle og styrka kontakten mellom biblioteka.

Mange biblioteklokale er ikkje eigna til denne typen arrangement; dei er for små, lite fleksible, treng

blending mm, men ein fekk gode erfaringar med samarbeid med andre, og publikum gav positiv respons på at biblioteket stod bak arrangementet.

Vi har eit stykke å gå på marknadsføring, å nå fram både i media og til publikum. Vi erfarte at den direkte kontakten med folk er meir verksam enn plakatar og avisannonser. Pressemeldingar burde ha kome direkte frå det enkelte folkebibliotek, då lokalavisene er opptekne av det heilt lokale.

Vi ser at ein godt gjennomarbeidd avtale som klargjer økonomi og ansvarstilhøve er viktig, slik at ein veit kva ein kan forvente av kvarandre.

Med mykje tilrettelegging frå fylkesbiblioteket si side og Aldateateret med regi på rigging og tilpassing av spelestaden, vart det lettare for folkebiblioteka å ta på seg oppgåva som arrangør, og det er ynske om å gjere liknande turnear seinare.

---

## Søker

---

### Organisasjonsopplysninger

|                   |                                  |
|-------------------|----------------------------------|
| Organisasjonsnavn | Sogn og Fjordane fylkesbibliotek |
|-------------------|----------------------------------|

|                     |  |
|---------------------|--|
| Organisasjonsnummer |  |
|---------------------|--|

|             |  |
|-------------|--|
| Kontonummer |  |
|-------------|--|

|                      |  |
|----------------------|--|
| Institusjonens leder |  |
|----------------------|--|

|         |      |
|---------|------|
| Fornavn | Siri |
|---------|------|

|           |            |
|-----------|------------|
| Etternavn | Ingvaldsen |
|-----------|------------|

|         |  |
|---------|--|
| Telefon |  |
|---------|--|

|        |  |
|--------|--|
| E-post |  |
|--------|--|

Er institusjonens leder kontaktperson for  
prosjektet?

---

## Budsjett

---

Tildelt beløp fra Nasjonalbiblioteket for alle prosjektårene: 370000

---

## Vedlegg

---

Vedlegg

- [rekneskap.pdf](#)
- [Avtale-om-Herr-Kurz-i-biblioteket.pdf](#)
- [omtale-fjordingen.pdf](#)